Vestmannen.

Nr. 9. Bergen 15. november 1989 5. årgang

Gustav Indrebø 100 år
17. november 1889 - 3. august 1942

Av Toralv Bergwitz

Ein leksikalsk umtale av ein person er til vanleg ei uppremsing av data so som fødselsår og dødsår, utdaning og arbeid, ymse stillingar i samfunnet, tillitsumbod og mogelege vitskaplege arbeid eller verdfulle gjerningar på anna vis, i det heile - turre fakta. Sjeldan ser me beint fram lovord um mennet (mannen eller kvinna), slikt høyrer til unnataket. Det må vera noko heilt umframt når personen fær rosande umtale i eit leksikon. Han må vera sers høgt verdsett av både den som skriv og av mange andre.

Soleis må han ha kjent det **Severin Eskeland** då han skreiv um Gustav Indrebø for Norsk Allkunnebok. Turre tal og andre data var ikkje nok når Gustav Indrebø skulde umtalast. Vurderingar av mannen attum prestasjonane **laut** koma fram: «**han var. . . mangsidig, men merkt av streng konsentrasjon, klår tanke og greid form, som vitskapsmann var han sanningstru og gjekk aldri på akkord; men det låg nasjonal hugbrann under. . . Om norsk mål og målgransking har han gjort verdfulle granskingar. . .**»

Soleis trengjer det gjenom at mannen var noko heilt serskild. Og det er truleg ikkje for sterkt sagt at ingen innan målrørsla ruver so høgt i folks umdøme - utanum Ivar Aasen - som nett Gustav Indrebø. Han var - utan tvil - ein av dei mest kunnskapsrike, visseleg den mest eldfulle, den høgast verdsette, den mest avhaldne av sine meiningsfrendar, og den som motmennene mest ottast både i samtidi og tidi etter. Jamvel i dagsens måldebatt er han den store. Han er den som meiningsfrendar støder seg til - ved sida av Ivar Aasen - og som motmennene syner til på ei vis som um han aldri kunde segja eller skriva eit einaste ord som var mindre godt sett ut frå Aasen-Indrebølina.

Gustav Indrebø i 1930-åri

«Til og med **Indrebø** kunde nytta **det** ordet», hev eg både høyrt og sett frå motmenn når dei vil forsvara retten til ei unorsk form som Indrebø ei hende gong var komen i skade for å nytta i ein eller annan samanheng. På det viset ser det ut til at han var meir plettfri i motmenns augo enn han var for meiningsfrendane.

At han i dagsens målstrid hev fengje ny innverknad er ingen løyndom. Mange ungdomar er uppglødde for den målsaki som den sanningstru mannen stod som den fremste talsmannen for, og motmennene tek til å tvila på um det var rett å setja denne åndshovdingen utanfor då mest det gjaldt for norsk målreising.

Den ånd som Gustav Indrebø og hans meiningsfrendar stod for, er i dag ved å vinna fram millom dei som er framtidi for norsk målrørsle. Det er mangt som tyder på at namnet Gustav Indrebø atter skal lyse som ei leidestjerne i målrørsla - ved sida av Ivar Aasen.

Namni på måli

«Norsk» er historisk og vitskapleg det rette namnet på landsmålet; eller når dei serskilt vil minna um tilhøvet til eller samanhengen med gamalnorsken: «nynorsk.»

Norsk og nynorsk er dei naturlege og adækvate nemningane her på same måte som t.d. svensk og nysvensk i Sverike um det nedervde målet der.

Desse nemningane gjev ei korrekt rettleiding um nasjonaliteten og det historiske upphavet til målet.

«Landsmål» er ikkje noko fullnøgjande namn. For det segjer ikkje noko um nasjonaliteten og upphavet åt målet. Utanforståande skynar ikkje av sjølve ordet kva det skal tyda. Namnet er i røyndi beint fram villeidande, etter som det slett ikkje berre er bygdedialektane som målvitskapleg soknar til nynorsken.

Norsk-dansk er historisk og vitskapleg det rette og karakteriserande namnet på bokmålet (norsk-dansk): dansken soleis som han hev laga seg til og vorte uppblanda i Noreg).

Gustav Indrebø og Aslak Torjusson i «Norsk og norskdansk» (1929).

Professor Gustav Indrebø - Eit 100 års minne

Av Ludv. Jerdal

Seinhaustes i 1942 fekk eg gjenom ei selledør i tukthuset Fuhlsbüttel i Hamburg ei helsing heimanfrå. Ein god ven, Jørgen Tveiten frå Hosanger, var nykomen til dette kjende tyske tukthuset som den gongen hyste so mange nordmenn, han hadde set meg på gangen, og han fortalde gjenom veggen at Lars Eskeland og Gustav Indrebø var gjengne burt. Det var dødsmeldingar som verka sterkt. Eg visste kva dei tvo personlegdomane stod for. Den fyrste ein aldrande høgskulemann og heidersmann, den andre ein uvanleg gåverik vitskapsmann i sin beste alder, med so mykje ugjort. Og fedralandet i krig med ei av verdsens sterkaste millitærmakter. Kunde nokon annan forsvara det norske med same kunnskapsbakgrunn og med same eldhug og arbeidstrott som Gustav Indrebø?

17. november i år er det 100 år sidan Gustav Indrebø vart fødd, i Samnanger. Faren var lærar der, men båe foreldri var frå Sunnfjord, og nokre uppvekstår hadde Gustav Indrebø i Jølster, som han rekna for heimbygdi si. Frå 12 års alder var barndomsheimen hans i Vestre Aker, då var faren lærar der. Gustav Indrebø døydde i Bergen 3. august 1942. Og dermed miste Noreg ein målgranskar, målreisar og målvaktar i serklasse, ein lysande givnad som fekk «Innstilling» til Kongen då han tok filologisk embetseksamen, og som i all si tid var utrøytteleg uppteken av å granska det norske målet og å reisa det atter til heider, i ei vyrdeleg og fullkomi form.

Indrebø hadde granska målsoga og han såg klårt den ubrotne tradisjonslina ifrå gamalnorsk og gjenom bygdemålsdikting og bygdemålsskrifter fram til Ivar Aasen. Indrebø skyna betre enn dei fleste den styrken som eit skriftmål eig i ein fast tradisjon. Og han vart ein trufast og sterk vaktar av skrifttradisjonen. Han såg den styrken det er for eit skriftmål å ha eit fast timbra system, og samanheng og tradisjon. Difor gjekk han so sterkt til felts mot det rettskrivingsframlegget som rettskrivingsnemndi av 1934 la fram. Han såg klårt korleis det framlegget kunde løysa upp det norske systemet i ljodverk og bøygningsverk.

Eit kjent bilete av Gustav Indrebø

Etterkrigstidi hev til fullnads stadfest kor klårsynt vitskapsmannen og måldyrkaren Gustav Indrebø var. Norskt mål vart ute for den uppløysingi som han åtvara so sterkt imot. I ein forvitneleg artikkel um «Lina åt Vestlandske Mållag» (i 50-årsboki um Vestlandske Mållag) kom lektor Hallvard Framnes inn på kor lettvint rettskrivingsnemndi av 1934 hadde teke arbeidet, han skreiv at det var viktugare for nemndi å gjera målbrigde enn å fylgja mandatet, og han peika på at nynorsken ikkje hadde ein einaste retteleg fagmann i nemndi. Framnes vurderar i artikkelen sin målbrigdet 1938, og han skriv at når det ikkje vart endå verre for nynorsken, so var det i stor mun den saklege og positive kritikken frå nynorsk sida å takka. Framnes skreiv: «Her gjorde fyrst og fremst professor dr. Gustav Indrebø eit kjempearbeid. I skrift etter skrift lyfte han heile målbrigdesaki ut or den smålege maktpolitikken, upp på eit prinsipielt plan. Han etterviste kor laust og lettvint nemndi hadde teke arbeidet, korleis serleg målmennene i nemndi var bundne i eit foraldra målsyn, som målgranskarar og språkpsykologar i andre land no hadde lagt attum seg. Med klårsynet og kunnskapsmakti si greidde han å bægja av sume av dei verste skadeskoti. Og han vann meir. Det er alt synberrt at han gjenom skriftene sine kjem til å få eit ord med i framtidigt arbeid med skrivemåten i norskt mål. Han hadde sjølv ei usvikeleg tru på at «det nyttar» med samvitsfullt upplysningsarbeid».

Ivar Eskeland gav i 50-årsboki si um Noregs Mållag (Oslo 1956) ei klok vurdering av Gustav Indrebø. Han skriv: «At Indrebø gjekk burt var eit tap som ikkje kan mælast, eit slag både for saki og for laget». Og Eskeland held fram med å skriva at Gustav Indrebø var «ein av dei finaste målkjennarar i landet, kanskje den einaste som hadde tenkt til botnar kva fåre det ber i seg for eit mål at sjølve systemet vert uppløyst på mekanisk vis, vår største rettskrivingsteoretikar, ein kunde mest segja vår **einaste** um ein legg hovudvekti på den vitskaplege sida, ein klok og djerv idealist. Då han fall frå i 1942, leid norsk målreising eitt av sine tyngste tap.»

Severin Eskeland heldt avdukingstalen då minnesteinen yver Indrebø vart avduka i Jølster 24. juli 1955. Eskeland hadde stade i målstriden jamsides Indrebø i so mang ein bardage, og han

Til side 4

Gåveliste for Norsk Bokreidingslag L/L

Anders O. Klakegg, Klakegg 100 - Harald Bolstad, Voss 100 - Jostein Krokvik, Fiskåbygd, 1000 - Ingolf Kvamen, Haslum 100 - Tidemann Kjærheim, Lofthus 100 - Ingerd Hirth, Bergen 200 - Helga Eskeland Mehl, Rosendal 500 - Olav Veka, Brumundal 100 - Knut Rysstad, Kristiansand 5000 - B. Gjerde, Minde 100 - Arne Ivar Kjerland, Sætre 25 - Sverre Hausberg, Askvoll 300 - Einfrid Perstølen, Hvalstad 500 - Johan Budal, Førde 500 -Ellen Jensen, Århus, Danmark 500 - N. N. 300 -Asbjørn/Inger Indrel Eidissen, Oslo 3000.

I alt kr. 12.425,-
Fyrr innkomne kr. 10.600,-

I alt kr. 23.025,-

Norsk Bokreidingslag
Postboks 2672 - 5026 Bergen-Møhlenpris
Postgirokonto: 3 91 88 44

Vestmannen. Bladpengane 1990

I nr. 9 av Vestmannen fylgjer eit postgirokort. Det er ei påminning um bladpengane for 1990.

Prisen for ei årstinging vert det same i 1990 som i år, **100,- kronor.** Um du ikkje alt hev svara bladpengar, er det kanskje ein tanke å senda dei fyre verste jolekavet.

Dei som hev sendt bladpengane for 1990, må ikkje rekna postgirokortet for noko krav. Men me hev ingen ting imot at kortet likevel vert nytta til gagn for Vestmannen, anten det no er ei gåvetinging eller ei gåva til bladet. Det trengst, trur me, at målet og målsynet til Vestmannen gjeng inn i 90-åri sterkast råd er!

Vestmannen.

Vestmannen kjem til vanleg ein gong i månaden.

Bladpenger kr. 100,- for året.

Kan tingast på alle poststader og beinast frå «Vestmannen», Helge Liland,

5065 Blomsterdalen.

Postgiro: 4 25 63 92,
Bankgiro: 8401.21.43027

Utgjevar:
Vestmannalaget,
5000 Bergen,
Telefon (05) 31 79 29/31 31 16.

Bladstyrar:
Jostein Krokvik,
6143 Fiskåbygd
Telefon (070) 21 429

Forretningsførar:
Helge Liland,
5065 Blomsterdalen,
Telefon (05) 22 67 00

Sats/trykk:
Sigurd Olsen Boktrykkeri, Bergen

Ved Gustav Indrebø-høgtidi

I dette nummeret hev Vestmannen, som rimeleg er, med mykje um Gustav Indrebø. Ikkje minst er me takksame fordi me fær prenta minnestykket som Inger Indrebø Eidissen, dotter til Gustav Indrebø, hev skrive um far sin. Ho tek oss med bak den ytre skodeplassen.

Gustav Indrebø fall brått burt 3. august 1942, 52 år gamal, enno ung i hug og hått. Syrgjebodet var skakande. Serleg for alle som hadde stade saman med Indrebø i den tilkvesste måløsingi i 30-åri, då målblandingsbylgja slo yver landet med maktråder, og - skulde det stadfesta seg - let etter seg eit norsk skriftmål i full uppløysing, attendeslege i skule og styringsverk. I denne øsingi ruva Gustav Indrebø høgre enn andre - vitskapsmann, fullnorsk målreisar og vegvisar.

Eit leidarljos er slokna, skreiv Gerhard Garatun-Tjeldstø.

I etterkrigstidi vart Indrebø lenge nedtagd eller halvt nedtagd med alt han stod for. Dette snudde ikkje eingong i 1951, då **Norsk Målsoga** kom, det etterlatne storverket hans, testamentet til det norske folket som målsoga hev vorte kalla. I målblandingsskvalpet toldest åtvaringar og nyktre ettertankar lite.

Sist i 50-åri tok det til å verta krystallklårt for fleire og fleire at samnorskpolitikken ikkje berre var i ferd med å spela frå seg, men i ferd med å spela norskmålet ut yver sidelina. Det var litt av ein tankjevekkjar for mange å sjå at Gustav Indrebø skildra denne ulukka for det norske målet hårfint på fyrehand. Her kann ein med rette tala um profetisk klårsyn.

Ingen kann i lengdi halda hildringar ved lag, som røyndomen dagfarande motprovar. Skiftet i synsmåtar slo gjenom, litt etter litt, både millom vonsvikne samnorskfolk og millom medvitne målungdomar. Medan programmatiske avnorskarar tidlegare lasta norskmålsreisarar ut av di dei var for gamle, lasta dei deim no av di dei var for unge! Eit talande alderssprang!

På 100-årsdagen for Gustav Indrebø er synsmåtane hans atter i brennpunktet. Slik Toralv Bergwitz skriv her i bladet, vert han på ny leidestjerna. Medvitne målfolk, unge som eldre, ser at den vegen som Indrebø staka upp, i røyndi er den einaste farande for ei målreising som vil kallast norsk.

Når me no snart tek steget inn i 90-åri, kann me best heidra Gustav Indrebø med å granska skriftene hans um norsk mål og målreising. Der er stor kunnskap å henta. Ja, målfolk kann knapt betre gjera enn å søkja næring i skriftene til denne fremste merkjesmannen etter Ivar Aasen.

I Idé-grunnlaget for norsk målreising skreiv Indrebø i 1934 nokre ord um den berande, djupaste aktive idéen i målreisingi. Ordi er like sanne i 1989: «Det er ein ting me ikkje kan få med norskdansken, men berre få gjenom nynorsken: Det er eit **norsk** mål. Der er nynorsken eit uettergjevande, naudsynlegt vilkår. Og so sant som der då er ein trong hjå nordmennene til å vera eit folk for seg sjølv, vert det nasjonale argumentet ståande der som eit uromoment so lenge måltilhøvi er som dei er. Det vert ståande som eit argument me ikkje kjem utanum og ikkje kan få rudt burt».

J. Kr.

Målungdomen heidrar Indrebø

I Norsk Målungdom kann dei fortelja um sterk vilje til å markera 100-årshøgtidi for Gustav Indrebø. I Oslo vert Studentmållaget og Oslo Mållag saman um ei tilskiping. Kven som skal tala er ikkje heilt klårt når dette vert skrive.

I Nidaros vert det tilskipingar både 17. og 18. november - fyrste dagen på universitetet og andre dagen på målungdomstilstelling. Magne Myhren frå Universitetet i Oslo vert gjestefyrelesar, og han vert festtalar på målungdomstilstellingi. Dertil vert det upplesing av Johannes Heggland.

Etter det me høyrer skal Vestlandske Målungdom og målungdomen andre stader sameleis ha Indrebø-tilstellingar, men program hev ikkje kome fram til Vestmannen.

Skriv norsk

Me minner um at Norsk Måldyrkingslag framleis hev att av «Skriv Norsk», rettleidingsboki i god norsk målbruk med uppnorskings-ordlista. Til boki er dessutan utarbeidt ein greid studieplan som kann vera nytteleg for alle. Boki skulde vera ei fin helsing til skyldfolk og vener no når jol og nyår stundar til. Ho kostar berre 40,- kronor. Skriv til **Norsk Måldyrkingslag, Boks 2073 Grü, 0505 Oslo 5.** Postgirokonto **5 18 93 11.**

VESTMANNALAGET

Me minner um lagsmøte:

Torsdag **16. november** kl. 19.00 på Bryggens Museum. Minnemøte for Gustav Indrebø (100 år sidan han var fødd), og 50-årshøgtid for Norsk Bokreidingslag. Nynorske bøker frå Norsk Bokreidingslag og J. W. Eides Forlag. Lektor Jon Askeland, fylkeskonservator Nils Georg Brekke og redaktør Kjartan Rødland fortel um bøkene.

Torsdag **14. desember** kl. 19.00 i Fokus Bank (merk staden). Jolemøte: Professor dr. Ole Didrik Lærum talar um Magnus Dagestad og bygdekunstnarar på Vestlandet.

Vestlandske Mållag og Ivar Aasen-sambandet held sams **årsmøte** i Gimle, Bergen, laurdag 18. november kl. 11.00. Minneprogram um Gustav Indrebø. Elles vanlege årsmøtesaker.

Dr. philos. Jarle Bondevik talar um Gustav Indrebø.

Gåveliste for Vestmannen

Håkon Askeland, Manger, 100 - Knut Rysstad, Kristiansand 200.

I alt kr. 300,-

Me takkar gjevarane
VESTMANNEN
Helge Liland
5065 Blomsterdalen
Bankgiro: 8401.21.43027
Postgiro: 4 25 63 92

Norsk litterær årbok

hev fenge kvitt bræ og er so nordisk at utgjevaren no kann kutta ut adjektivet «norsk». Etter innøvd bordskikk opnar boki med heiderleg sveatale til den siste nordiske prisvinnaren, Dag Solstad, han som ikkje toler norsk folkemusikk. Der etter fær målblandaren Einar Økland ordet til storslakt av slike fjollete bokprisar. Sers underleg er det då at Reidar Djupedal i same farten kjem med sin vemodige Svanesong um Jan-Magnus Bruheim.

Det nye akademiske skriftstyret melder frå um mange «bidrag» - «og da primært av tekstlesingar som kombinerer teori og praksis, refleksjon og interpretasjon». Styret kann alt syna til døme på «korleis intertekstualitetsfenomenet opnar spennande perspektiv». - Å ja, å ja. Lenge sidan Garborg og Brandes rettleidde ein stakkars lesar.

Skjelm

Professor Gustav Indrebø - Eit 100 års minne

Frå side 2

skildra den lærde mannen m.a. soleis: «Indrebø kunde vera gladværug, det kom jamt fram i godt lag. Han hadde inkje liten sans for skjemt, endå grunnhåtten i han var ålvor. Det gjorde han lett og gild å vera i lag med. Men yver den velforma munnen låg det eit lett drag av - ja, kva skal eg kalla det? Inkje misnøgje, kanskje heller mismod, men helst vil eg segja: av noko sårt. Eg tevla lenge med å tyda dette draget. For eg totte det var ein motsetnad millom det og det modet som merkte mannen i hans arbeid og all hans ferd. Den **tryggleik** òg. - Likevel kom eg til det, at det såre draget tolka ei kjensla av **skort**, og eg trur det er rett. Indrebø såg og kjende at det var so mykje som veila og vanta på mange kantar, og han hadde slik ein trong til å vøla og heila. Hjå folk med sovori natur kjem gjerne kjensla av maktløysa sterkt fram, og mismodet ligg ikkje langt undan. - Gustav Indrebø var ein av desse utvalde som alltid veit seg eitt med heile sitt folk. Eit mein eller lyte hjå folket merkast liksom på deira eigen kropp og valdar liding, og dei gjeng liksom under ei byrd av skyldnad. - Eg trur at Gustav Indrebø med fullt medvit og andsvar gjorde si tenesta for Guds åsyn. Han trong inkje segja noko um det: ein kjende det soleis når ein var i lag med han».

Sanne ord av Severin Eskeland. Sjølv hev eg mange minne ifrå samvær og samarbeid med Gustav Indrebø. På eit av dei store stridsmøti i Noregs Mållag um målbrigdesaki - i andre helvti av 30-åri - kom eg til å høyra ein makelaust fin replikk som synte kor fin ein ironi han åtte. Det var i Storsalen i Bøndernes Hus i Oslo, i ei kvild. Ute i garderoberomet kom eg til å stå so nær at eg høyrde då Indrebø helsa på professor Sigmund Skard. Skard hadde havt ordet på møtet, Indrebø skulde tala seinare. Og Skard hadde bruka storsleggja på alle vestmenner og anna folk som gjekk sterkt imot den nye «rettskrivingi». Han lova at «vi får ei ny rettskriving anten vi pip eller kvin! Eg veit det, for eg kjem like frå departementet», sa Skard. Dei tvo hadde ikkje møtt kvarandre fyrr møtet opna, og no helsa Indrebø. Han sa: «God dag Skard, og takk for fyredraget!» - Skard retta seg upp på sin karakteristiske måte og svara: «Å, itt no' å takke for!» - «Nei, det kan vera noko i det!» sa Indrebø. Ironien var fin, men varsam. Ein typisk Indrebø-replikk.

I striden for tradisjonelt mål på Aasen-grunnen var Indrebø utrøytteleg. Ved sida av professoratet på Bergens Museum skreiv han bøker og skrifter og bladstykke, og han tala med eld og glod og stor kunnskap. Han kalla aldri målbytet i 1938 eit «rettskrivingsbrigde», han nytta ordi «målbrigde» og «målbrigdesaki». Dette er ikkje varande verk, sa han. Og det er ikkje illojalt å skriva meir norsk enn det som er det offisielle. Det er ikkje fåfengt å skriva so norskt som det er råd. Aasen-ringen vart skipa i 1938 etter upptak av Indrebø, på eit møte i Vestmannalaget. Mange hundrad målfolk melde seg inn i ringen, og lova at når dei var nøydde til å bruka den nye rettskrivingi, skulde dei skriva so nær Aasen-målet som det er offisielt høve til. Og når dei skreiv som «frimenn», skulde dei skriva **som fyrr** eller **norskare.** «Dei skal freista å bera nynorsken fram i vyrdeleg form munnleg når dei talar offentleg». Altso i røyndi ein Brage-lovnad - um måldyrking i skrift og tale.

Det var òg Gustav Indrebø som fyrst bar fram tanken um å reisa eit norskt bokreidingslag som skulde gjeva ut bøker på eit mål som ligg nærast mogeleg upp til Aasenmålet. Det laget skulde vera eit svar på det som styremaktene hadde gjort mot dei nynorske landslutene med å gjenomføra rettskrivingi av 1938. Indrebø bar den ideen fram på eit møte i Vestlandske Mållag, og eit samrådingsmøte (ålmannamøte) i Bergen 28. desember 1938 bad Vestmannalaget setja seg i brodden med å skipa eit sovore boklag. Indrebø var då formann i Vestmannalaget, og han sat i styret i Noregs Mållag. Arbeidet vart gjort, og Norsk Bokreidingslag vart skipa på eit møte i Bergen 11. november 1939, med høgsterettsadvokat Tjodvald Gjelsvik til fyrste formann. Gjelsvik var og med i stjorni i Vestmannalaget.

No ved 50-årsjubileet for Norsk Bokreidingslag skal me ikkje gløyma at det var Gustav Indrebø som bar ideen fram.

Indrebø gjekk hugheilt inn i strid når det var naudsynt. Jamvel um han kvidde seg for strid. Han sa dette sterkt på eit møte i Vestlandske Mållag i 1935. Samhugen min er med deim som vil spela med fullt norsk orgelverk, og med deim som vil opna for dei luter av landet vårt som bur ein grand avsides, og hev vandast for å koma til orde, sa han. På deira sida vil eg standa. Det som vår nasjonale reising treng er at folket vårt vart døypt med ånd og eld. Dersom me hev mist trui på at det nyttar å kasta eld ut i folket, hev me ikkje meir å gjera. Då er gjerningi fåfengd.

Lat so desse hans eigne profetiske ord stå her, til minne um ein stridsmann som var heilstøypt og sann i all si gjerning.

Midttun um Indrebø

Olav Midttun hadde ei tid Gustav Indrebø til elev, og dei tvo fekk sidan på andre måtar sumt med kvarandre å gjera. I boki **Livsminne**, Oslo 1971, skriv Midttun m.a. um Gustav Indrebø:

Svært gildt var det at vi frå 1923 hadde den intelligente og trurøkne Gustav Indrebø til formann i Samlaget. Eg hadde hatt han til elev i studentklassen på den toårige lærarskulen i 1909-10, truleg den gløggaste elev eg nokon gong har hatt. Det var ein heller liten klasse, berre åtte-ni stykke. Men mellom dei var Indrebø og den merkelege Thorleif Schirmer i si mest esande tid (han hadde nett gjeve ut boka «Den norske kulturaand. Målbevegelsens nationale betydning set gjennom personlighederne Wergeland, Bjørnson, Ibsen»); dessutan var der ein teolog som hadde slutta prestegjerninga og ville verta lærar, og ein vaken bladmann frå Stavanger. Eg let dei sleppa til med dei hardaste ordskifte, særleg om filosofiske livsspørsmål; samstundes skulle dei læra å tala nynorsk. Timane var om ettermiddagen, og somtid dreiv vi på langt utetter kvelden. Indrebø var ikkje lett å slå ut, ikkje eingong for den kvasse, mangtalande Schirmer, ei av dei forunderlegaste evner eg har møtt.

Trass i all den målstrid og annan strid som Indrebø kom bort i, var han i røynda fredsæl, men djerv og traust når noko rørte ved hjartesakene hans. Han var ein ærleg, heilhuga, sanningskjær stridsmann, og det galdt alltid sak, ikkje person. Difor vann han stor vørdnad og kjærleik. For han var òg vensæl, hjartegod og hjartevarm.

Indrebø og a-målet

For eigen part bruka Gustav Indrebø alltid i-mål og klassiske Aasen-former. Der var han aldri i tvil. Men på ei onnor sida tala han for valfridom millom i-mål og a-mål.

A-målet vart fyrst godkjent i skule og styringsverk i 1917; deretter vart i-mål og a-mål valfritt, med paralellutgåvor av ABC-bøker fram til 1938. Då vart i-målet, det skriftlege fleirtalsmålet, støytt ut or skulen - endå um utstøytingi rett nok ikkje vart heilt ut tvangsfullførd fyrr etter krigen.

Millom anna i **God norsk. Innlegg i målbrigdestriden** (1937), skriv Indrebø sers klårt: **Tvo slike målformer (i-mål og a-mål) tolest og er etter umstendi beste utvegen. Eit visst minimum av sideformer elles òg lyt til.**

GUSTAV INDREBØ, far min

(1889 - 1942)

Av Inger Indrebø Eidissen

Det er vanskeleg å teikna eit truverdigt bilæte av ein mann som var so heilrend, so kravlaus, og med so store krav til seg sjølv, som Gustav Indrebø, far min. Eg vonar at når eg fortel um ymse hendingar, småe blenk frå samveret vårt, so kunde det kann henda kasta noko ljos yver honom frå ymse kantar, saman med noko lite av hans eigne ord frå brev o.a.

Det er snart eit halvt hundradår sidan han levde, og mangt av det som her vert fortalt, lyt kjennast framandt for mange i dag.

(Vestmannen er andsvarleg for millomtitlane i stykket).

Inger Indrebø Eidissen

Me er langt til fjells, -høgt, fritt, stilt. Ei mil skral kjerreveg skil oss frå sivilisasjonen med post, telefon, landhandel, jarnveg, bilar, -og folk. Fjelli ikring ligg so logne, mesta godmodige, so jordfast trygge, og samstundes mektuge, stae og sjølvsikre. I synsrandi mot nord reiser storkultane seg, - Rondane, med tindar og slott. På fråstand vert dei òg ufårlege. Ei trufast vakt, ei vakker råma for vidde og vatn, myrar, fjellbjørkskog og einskilde store, gamalkloke malmfuror. Og for solbrune sætrar, fiskebuer og naust.

På eitt av fjellvatni, -millomstort, langt og smalt, Vålåsjøen i Selsfjellet, sig ein klumput, tungrodd dølabåt langsmed landet. Vatnet rundt gong etter gong. Det er tvo menneske i båten, ein midaldrande mann og ei ung gjenta, -far og dotter på fiske. Gjenta ror, stødig og van. Og mannen sit atti båten, tolug. Stendig nykkjer han i sluken i takt med åretaki.

Båe let fjellstilla råda, kjenner kor godt det er å vera til, godt å vera i lag. Stundom småsyng gjenta ein bånstubb frå Jølst -«Nunin, nunin, no kjeme nalvane våre»-, skal retteleg lokka storfisken, «kalvane» me kallar, til den blanke reidskapen med dei sylkvasse krokane. Og jau kjem han, fisken. Fleire skulde ha sét smilen til fiskaren når han fær den glinsande, feite fjellauren yver ripi! Vålåsjø-auren, likaste fisken i heile fjellet, so breid yver nakken og so raud i kjøtet. Det var i 1930-åri dette, og enno nøgdi med fisk.

Naturgleda

Det er ikkje utan grunn at det er minne frå fjellet i Gudbrandsdalen som fyrst renn meg i hugen når eg skal fortelja noko um far min. Frå 1928 då morfar slokna, og det vart slutt med å fara til fjellheimen hans på Fly i Valdres, og til krigen i 1940 gjorde det vanskeleg å fara millom aust og vest, var huslyden vår samla her i «hjarta i vårt Noreg» um sumaren. Me leigde sumarhusvære åt oss hjå bonden P. M. Hansen Sandbu, Sjoa. Fire ættleder hev me unt på denne staden. For kvar ein av oss stod desse sumarvikone «på fjellet» som sjølve høgdepunktet i tilværet. Far laut fara heim att fyre oss av di han hadde stuttare ferie enn skuleungdomen. Og når det kom brev frå honom, var umkvedet: «Eia var me de-er». Straks me var heimkomne på seinsumaren, tok far til å rekna: «No er det berre 10 månader til me skal fara «på fjellet» att». Det var her me fann «det hjarta djupast trong», som Olav Aukrust segjer.

Eg hev hug til å herma noko lite frå brevi frå far våren 1938, då han låg ufør av isjias på sjukehus i Oslo, og det såg speleg ut for heile fjellferdi vår: «Me lyt til Vålåsæter både for sjælehelsa, og kroppen». - «På Vålåsæter er ein burte frå alle menneskje, kann tegja bommende still ein heil dag og ikkje sjå eit framandt menneskje som ein treng tala med ei heil vike. Og ingen bryr seg for det. . . Eg veit ikkje nokon stad eg trivst betre um sumaren enn på Vålåsæter. Det er sælebot i dei turre furumoane langsmed Frya og Glitra. Eg vil ha sét vatni att og alt saman med same me kjem burt på riset um kvelden der millom Smugsjøen og Vålåsæter. Eg vil gå og fiska langsmed Glitra på flatene ovanfor bjørkeskogen - nedanfor og ovanfor lægerstaden-. Og eg vil ro langs strendene på Vålåsjøen og Furusjøen, so sant eg fær helsa. Eg vil gjera det no når ungane hev vorte so store at **dei** tek årane, og gjer det gjerne. . . Når det er kjav av mangt slag heile året, so vil eg kopla av frå verdi ein månads tid. Og når ungane vil fylgja. . Eg **lengtar** til Vålåsjøen og viddene og linone der. Og vilde gjerne ha noko samliv med borni der, dersom det kann lukkast. Eg hev den trui at dei hev godt av å vera der, både på ein og hin måten, og er glade den tid dei er der».

Me kom til fjells den sumaren òg, alle saman. Me ungdomane bar far eit stykke. Etter ei tid der uppe vart han so bra at han kom seg på fisketur, -til Glitra-.

Dette med å kopla av frå verdi var elles etter måten nye tonar. Det var dei aller siste åri berre at han tok seg på tak soleis. Fyrr var det mangt som skulde -og måtte!- gjerast nett i ferien. I juli 1912 skreiv han t.d.: «Der må arbeides, dersom en ikke skal synke ned i den leielsen over alt og ingenting som følger uvirksomheten i ferien».-

Ungane lengta til Vålåsjøen like mykje som far. Me kom aldri på at me skulde fara nokon annan stad. For oss var det serleg festleg at mor og far bad syskenborn med, og tantor og onklar. Tidt var me 10 menneske attmed langbordet i den romslege timberstova med den store klebersteins-peisen. Litt av eit storverk å vera husmor for ein slik lyd i villfjellet, mange munnar å metta i 6 vikor. Fisk og sætermat var det rikeleg av. Men det laut meir til. Enn alle dei braudi som laut steikjast i vedkomfyren kvar laurdag.-

Til side 6

Gustav Indrebø, far min

Frå side 5

Stundom hev eg undrast på kvar den ubendige fiske-hugen til far skreiv seg ifrå. Um me dømer etter noko han skreiv på lærarskulen 1909-10, landsmålsstil(!), hev han røter attende til faren og barneåri. Det var um «Sumarkveld på sjøen»: «Han far var ei tid lærar i ei fjordbygd på Vestlandet. Um sumaren. . . låg han um kveldarne ute på fjorden og fiska med sluk. Eg fekk vera med, og desse sumarkveldarne er nokre av dei gildaste minni, eg hev frå barnedagarne». Og Zakarias Aardal, jamaldring til far i Årdalen på Jølster, skreiv til meg i 1955, etter avdukingi av minnestytta yver far i Årdalen, at han mintest grant då han og Gustav gjekk og fiska langsmed Jølstravatnet og Årdalselvi då dei var smågutar, i stor venskap.

Fiskeutstyret var einfelt. I fleire sumrar gjorde vanleg bambusstong frå landhandelen på Otta tenesta. Seinare fekk han skøytestong. Turklædi var ikkje siste sportsmodell, nett. Den gamle vadmålsdressen var framifrå, solsteiken heldt han ute, og mygg og knott beit ikkje igjenom! Vanlege beksaumstøvlar var beste fotaplagget, godt smurde. Far log helst av desse lange gummistøvlane som storfiskarane brukar.

Fjellet og naturi hadde andre gåvor òg som far hadde syn for. Han var ein glup bærplukkar. Bærplukkingi hadde han nok òg i seg frå den tidi han plukka med far sin. På fjellet kom han jamnast med moltespannet fullt, endå um andre ikkje såg likt til bær. På Tåsen, der far og mor bygde seg hus medan me borni var småe, leigde far hest og kjerre ein dag um haustane, og mangmennte drog me på blåbærtur til Maridalen. Då var bror min og eg bra imponera, - at far kunde køyra med hest! Og bær fann me flust av i storskogen mot Nordmarki. - Far plukka alltid med hand, allslag bær. Og han fekk aldri med rusk eller stylkar. Han vilde at me òg skulde plukka reint. Me skulde fara fint åt der me ferdast.

Far var so ihuga for at me skulde høgtida Olsok. Årvisst sanka me ungane i lag med far saman eine og lyng til **olsokbål.** Me hadde det på ei høgd attum sætrane, Jomfruhaugen. Derifrå såg me fritt utyver vide fjellet, og kunde sjåast av alle der var. Dei fyrste åri var me åleine um å ha olsokbål. Etter kvart vart det mange, både på sætergrendene utetter fjellet og ved hyttor langsmed vatni. Det gav ei forunderleg, fin kjensle av samhald i dei døkke seinsumarkveldane, og far og me alle gledde oss yver det.

Han var so glad i blomar. Eg minnest vel at han laut stogga i stor undring når han såg kaktusen hennar mor opna den strålande eventyrprakti si. At ein plante som stod lik ein turrpinn heile året kunde ha slike krefter og slik ei ovprakt i seg -.

Katten var grumdyret for far som for alle Indrebø-ar eg veit um. Båe kattane våre fekk flytja med frå Tåsen til Fana. Hunden var han mindre glad i. Det spørst um han hadde vorte biten. Det vart han i alle fall då han gjekk i skogen på Tåsen i festklæde og tenkte på tala si til 25-årsstudentfesten i 1933 - for fedrelandet.

Eg nemnde vadmålsdressen. Siste åri bruka ikkje far anna enn myrkeblåe vadmålsklæde soleis til dagleg. Han var mykje takksam for, og ikkje lite byrg av, vadmålsdressane sine, for mor vov tyet, nett som dei gjorde på Jølst! Stivaty høyrde alltid med, som skikken var. Berre på fjellet la han av stivasnippen, -brjostet og mansjettane. Og det svarte slipset. Etter gamal sed hadde han slirekniv på seleknappen. Og klokkekjeda på magen.

Kroppen Guds tempel

Radt frå far berre var ungguten meinte han det var rett å taka vel vare på kroppen. I eit upprit frå eit ungdomsmøte i Drammen «anno magno» 1905 skriv han mykje um dette, - «legemet er Guds tempel, den Helligaands bolig». Det var vel denne tanken som gjorde honom til fråhaldsmann og ikkje-røykjar. Han dreiv ihuga idrottsøvingar av ulike slag den tidi og frameetter. Alle tri ungbrørne Indrebø var spræke idrottskarar. Eg kann minnast at dei kasta spjot og støytte kula, og at far fritt spankulera rundt i hagen på Tåsen - **på hendene!** Det var i tidi fyre 1930, fyrr me flutte til Vestlandet. Sidan vart det mindre med tid, og far var ikkje so sterk lenger. I brev 1938 stend: «Til 1931 tolde eg allslag røyningar. Sidan hev det vore onnorleis, etter den mageknekken».

Han hadde for lite magesyre, og var plåga med dette i årevis. Då krigen kom i 1940, var han so leid seg for at han ikkje kunde melda seg til friviljug. I «Uppskrifter» 13. april 1940 skriv han: «Eg hev kome til at det duger ikkje. Ein magekatarr som eg hev havt i mange år gjer at eg hev so vanskelegt for å greida kroppslege røyningar. Alt det stillesitjande arbeidet hev gjort meg endå meir vesal, so eg vart utarma berre av det vesle pakkingsarbeidet tysdag». (Folkeminnesamlingi vart pakka ned 9. april.)

Men far gløymde ikkje dei gamle kunstene, og på fjellet størde han oss ungdomane til å driva med ymse idrottsleikar. Sjølv var han med òg, t.d. på styltror og i stavsprang. Stundom leit han seg kann henda meir enn vel var. Ein gong braut han av leggbeinet då han kom keiveleg ned etter eit høgt sprang. Når veret var lugumt, og me lauga oss i vatni, var far den fremste symjaren. Han sumde i eitt heile laugarykti, utan kvild. Ein gong la han til fjords i fulle klæde, vilde sjå kva han kunde greida dersom ulukka skulde vera ute.

Til inneleik var det gjævt med «Halma», der det gjeld um å flytja eigne



Gustav og Astrid Indrebø. Borni Inger og Knut i oktober 1922.

brikkor yver rutebrettet med å hoppa yver brikkone til medspelarane. Oi,oi, ein laut ha god tid! Ikkje ei brikke vart flutt slumpevore, her vart det tenkt både lenge og vel. Tolmod laut til, men fint var det å sitja soleis i lag. Moro hadde me òg med å sjå kven som kunde skriva flest namn på same bokstaven, by-, elve-, gute- eller gjentenamn på R hadde med Rævine. Han hugsa nok jølstramålet sitt, Leiv, - son åt farbror Ragnvald. Ein gong Leiv laut fara ned frå fjellet fyre tidi av di han skulde til ei ungdomssamling i Danmark, fekk han denne helsingi med seg frå **onkel Gustav:** «Hugs dei er brørne våre!»

Song-gleda

Det er uråd å fortelja um far utan å nemna songen. Her hadde han mykje med seg heimanfrå. Alle Indrebøsyskeni var gode songarar, i kor og som solistar, og dei song fleirstemt saman til fela åt bestefar. Ein gong far var på fyredragsferd i Numedal (1929?), var farbror Ludvig med og song på møti.

Vår huslyd var òg musikkglad. Mor var mykje langt komi på pianoet, og ho lærde meg spela i fleire år fyrr eg tok til på konservatoriet. Alle song, og ikkje minst far. Han hadde ikkje lært røystbruk, - det laut einaste vera på lærarskulen. Men han hadde ei klår, sterk og malmfull barytonrøyst, som nok kunde fylla større rom enn stovone heime.

Då me var småe, lærde han oss bånsullane frå Jølster, um «Tirrebæane» og «Nalvane» og andre barnerim. Sidan hugsar eg høgtidsstundene då mor òg far spela og song saman. Det var helst i kveldingi. For meg var det både storslege og andaktsfullt. Best hugsar eg **Sølvet** (Ibsen/Lammers), **Den heliga staden - Jerusalem** (Adams), **Hymne** av Nils Larsen -: «Mine børn, elsker hverandre - tilgiv alt, så blir der dag og fred på jord -». **Lugn hvilar sjøn** (Pfeil) var so vakker,' og **Maria Gnadenmutter** (Sinding). Og so **Kongekvadet** då, og **Norrønafolket** (Bjørnson/-Grieg). Det var eld i det når han song: «Men er det dådløst at bygge sit land og at vække dets Kraft som en Vår af sin Dvale?» Eg kann høyra det for meg kva stund det skal vera enno i dag.

I ungdomen song han solo med kor. Notane hans hev me,' «Mandskorsange med solo», **Landkjenning, Varde, Barndomsminne frå Nordland** o.s.b. Frå «Volden» i 1912 skreiv han til Astrid (mor): «- - jeg hadde vært med mandskoret til Ålesund søndag og sunget for en forsamling på ca. 1200 mennesker». I ei ålesundsavis stod det at «Lærar Indrebø song solopartiet fagert og kjenslerikt». Lenge etter far var slokna, kring 1950, råka eg Oddrun Kaarstad frå Volda i Trondheim hjå farsyster Astrid og Sigurd Fjær, dotter til rektor Kaarstad som styrde lærarskulen då far var der. Ho fortalde at ho aldri kunde gløyma den vakre songen til far i Volda i 1911/12. Ogso medan far var på Notodden i 1915, fekk dei honom til å «optræ». I brev derifrå kann me lesa at han gjerne gjorde det, men at han kjende på at «En ikke kan yde det høieste - -».

Etter at me kom vestetter, var det som songen stilna meir av. Det skal både tid og krefter til. Men kyrkjefolket sa at det var høyrande på salmesongen når Indrebø var i kyrkja.

Mor Inger, Are og Gaute. Rondane midt imot. Sumaren 1961.

Og i joli song me alle. Då var det helg og fest. Det var frygd å få pynta joletreet i lag med far. Han var alltid festklædd då, med kvit vest. Aldri uoa nokon nisse hjå oss. Men alle skulde ha gåve, hunden og katten òg. Far vilde gjerne at mor skulde ha noko av sylv, og han vilde ha meg til rådgjevar når han kjøpte. I butikken kom dei stødt med det billegaste dei hadde til slik ein einfelt mann, som endåtil tala norsk. Me kjøpte det me tykte best um. Og far bad at dei skulde helsa til sjefen at me kjøpte der av di dei lyste i Gula Tidend.

Jolekvelden las far Bodskapen for oss: I dei dagane let keisar Augustus lysa ut -. Og han las Fadervåret. Det var einaste gongen i året at sovore hende heime. For meg var det soleis at i heimen vår vart kristendomen levd, ikkje dosera.

Indrebø og religionen

I ettertid er det sagt um far min at han var «djupt religiøs.» For eigen part hev han **ikkje** sagt eller skrive noko um seg sjølv i den leid. Av brev far skreiv til si Astrid i ungdomen, og av ei hending i samband med konfirmasjonen min, veit eg at gudstrui - barnetrui - hans ikkje var liketil eller lettkjøpt for honom. Då presten vår i Birkelandkyrkja på Nesttun, Dankert Skagen, slokna i 1939, skreiv far vare, fine ord um honom i «Uppskrifter» (dagboki). Der stend òg dette: «Han arbeidde tydeleg mykje med dei kristne problemi. Det var ein slik sterk og naturleg ærlegskap hjå honom, som ikkje tolde å sveipa tankevanskane eller andre vanskar inn i falsk tanke-tull eller flosklar. Han preika fyrste påskedag. . . Han kom inn på tankevanskane med Kristi uppstoda. . . Han fekk ikkje klårgjort for seg, og ikkje for tilhøyrarane, korleis tanken skulde finna kvila med umsyn til mysteriet. Men det var alt saman so naturleg ærlegt, eit menneskje som talar til menneskje um vanskelege ting. Og like vel ei brennande og personleg tru som brann tvert gjenom tankevanskane. . . Eg kann ikkje segja det onnorleis: Sume menneskje er til hjelp for ein, berre med at dei vandrar millom oss. . . han var ein verkeleg gudgjeven mann».

Det hev vorte sagt at Gustav Indrebø las i Bibelen på kontoret. Bror min og eg hadde far vår til me båe var godt yver 20 år gamle. Dette her kjennest so reint meiningslaust ulikt honom. Dersom det skulde ha hendt nokon gong, lyt det ha vore eit heilt serskilt høve.

Far gjekk gjerne og tidt til kyrkja. Og han tykte det stødt skulde vera einkvan av huslyden der. Når dei som heime var, spurde kva presten hadde sagt, var svaret det same kvar gong: «- at me skulde vera snilde». Det vart sagt so stilt.

I fyredrag i **Ervingen** i 1940 um liveretten åt det norske folket, tala han um at det i sanning er gjævt verk «når me fær reist til æra dei kristne dygder og gjort deim til ei makt i folket vårt».

Då far skyna at han ikkje hadde lang tid att, bad han mor helsa Besta at han var frimodig. Han var so glad i Blixsalmen **Himmelske fader, herleg utan like.**

Far slokna den 3. august 1942. Det var like inn i midnattsleitet. Dei fekk ikkje lækjar til stades fyrr klokka gjekk yver midnatt, og dødsattesten vart soleis utskriven 4. august.

Til side 8

Talemålet

Sume hev spurt meg korleis far fala. Farbror Ludvig segjer at då huslyden Indrebø flutte austetter i 1902, og næraste åri, tala dei sunnfjordmål heime. Etter kvart vart det burte. I 1911 skreiv far frå «Volden»: «Jeg præker pædagogiik på et forhåpentlig uklanderlig riksmål, - - knoter landsmål når me hev Hægstads mållæra og «norsk» lesning. Leve humbugen!» Det var fyrr eg vart fødd at han la burt «det uklanderlige riksmålet» og gjorde slutt på «humbugen». Frå den tid (1915?) kunde alle høyra kva for mållæger han høyrde heime i, -aldri eitt ord anna enn norsk. Og han bad ikkje um orsaking for talen sin. Han var tydeleg og beintfram. Severin Eskeland sa um svenskane at dei talar so greidt av di dei talar med godt samvit. Det laut vera soleis med far òg. Han spara ikkje på dei sermerkt norske ordi, og han ymsa ikkje talen etter kven han tala med eller kvar han var. Det var alltid klårt normaltalemål. Berre når han fortalde jølstrastubbar, kom sunnfjordtonen fram.

Samanhangande arbeidsykt

Den jamne kvardagen året igjenom stend fyre meg som ei samanhangande arbeidsykt for far. Her var ingi tid å spilla. Han skreiv og skreiv. Alltid med hand, og med den same fyllepennen i alle år. Skrifti kann ikkje kallast vakker, men ho var klår og greid, som talen. Far hadde nok arbeidt med å skriva so rasjonelt som råd. Han sa at når ein skreiv so mykje som han gjorde, var det ein fyremun at skrivingi gleid, - at ein laut lyfta pennen so lite som råd. Difor heldt han alltid på skrivemåten aa for å, sa han ein gong eg spurde honom um dette. Det var nok når han laut skriva prikk yver i (og strek yver u) um han ikkje laut ha runding yver a.

Ogso bruk av tidi, og heile arbeidsmåten, laut vera rasjonell og systematisk. Det var bisneleg å finna att papiri hans og sjå kor nøgje dei var lagde i bolkar, etter tidfylgje og innhald. Han tøygde kveldane i lengste laget. Mor freista få honom til å tenkja på seg sjølv og helsa si. Det var vist ikkje lett. «-jeg får et litet glæfs til svar» skreiv ho i 1937. Bestefar Ludvig skreiv um det same i fleire brev, soleis i 1920: Eg er so ræd du øydelegg deg med arbeid». Bror min sa, at når han vart vaksen, skulde han ikkje skriva so mykje som far gjorde. - Kontortidi heldt han. Men det var like til han treivst best med å arbeida heime. På kontoret var det so mangt som hefte honom vekk; heime fekk han meir ro. Etter middagen var det ei stutt kvild, som stundom vart nytta til lesing, og so gjekk far på bokromet sitt. Det kjendest godt å vita at me hadde honom i huset. Men so laut det vera stilt, då, - lågmælt tale, ingen radio. Det skulde vera, -det var stilen i heimen vår, og det var mor som sytte for at det vart soleis. Men piano-øvingi mi tykte dei mun i, underleg nok. Nokre år etter me flutte vestetter, var me endåtil utan telefon, -til å halda undan namnlause uppringingar. -Eg tykte det var godt med stilla i huset. Det vart so underleg kvardagsleg då me ikkje hadde far lenger.

Det er greidt at arbeidsbyrdi far la på seg, laut kosta, ikkje berre m.u.t. helsa. Etter kvart vart det liti tid til teater og konsertar, endå både mor og far gjerne gjekk båe stadene. Frå Tåsentidi minnest eg at heile huslyden stundom var i teatret, og seinare at far og eg var i lag på Det Norske Teatret når det høvde at me var i Oslo, båe. Frå dei siste åri i Bergen minnest eg berre ein gong mor og far var i teater. Då såg dei eit musikkspel av og um Franz Schubert, og far vart mykje teken av lagnaden åt den unge komponisten.

Stridsmannen

Det var snaudt skrivearbeidet som vart mest slitande for far. Hardare var det for ein fredsæl mann med all den striden han laut upp i av di han såg all uretten mot norskt mål, og tok det for skyldnaden sin å gjera det han kunde til å retta på det. Strid vart det for Nynorsk salmebok. Strid førde han som namnekonsulent for norsk skrivemåte av norske stadnamn. Strid mot lovbrytande embetsmenn. Strid mot politisk valdsfred mot nynorsken, mot uppløysingi av Aasen-målet.

Fram gjenom 1930-åri vart det mange strevsame Oslo-ferder. (Far-og me alle- fór alltid på 3. kl. på toget.) Og det vart hundradstals fyredrag i lag og lyd, på skular og i kringkasting. Det auka helst på etter kvart, og dei siste åri på 1930-talet var det tidt han var heimanfrå helg etter helg. Det kunde vera lange, tungvinte ferder. På fleire av talarferdene tok han bror min med, ogso til Sverike i 1938. -Far nemnde ikkje for oss at det var slit. Men me såg det sjølve. Det hende at mor fekk honom til å liggja når han var heime ein sundag, so han skulde få kvila seg noko.

Indrebø i Kongens teneste, 1912

Trass i arbeidspresset var ikkje far forkava. I ser middagsstundene heime var minneverdige. Då var huslyden samla, og far heldt tidt fyrelesing for oss. Ikkje måltalor! Han fortalde kva han hadde kome fram til i granskingane sine, t.d. namnetydingar, og um Fylke og Herad. Han var sakleg og ihuga som i eit auditorium. Me skulde få fylgja med i arbeidet hans, alle. Han hadde slikt eit serskilt lag med høgrehandi når det var noko han vilde gjera serleg klårt for oss. - Stundom fortalde han jølstrastubbar ved middagsbordet («dette hev me høyrt nokre gonger,» sa mor), og når Fjordaposten hans Albert Joleik kom, las han «Ymsingar» for oss, humrande. Far vilde me skulde kjenna til forfedrane våre, og det hende han nytta middagsstundi til å nemna upp namni deira, i rekkja langt attende, um att og um att.

Elles var det bordskikk heime at det var ei still stund fyre og etter maten. Ingen veit kva for tankar Gustav Indrebø hadde då. Han synte stor age for maten. Ikkje den minste grand skulde kastast. Tallerken og grautgryta skrapa han so vel at me kunde tru dei var vaska.

I heimen

Når eg tenkjer på tidi heime, kjem det stødt fyre meg at det var ei bisn so lite det vart masa på oss borni. Mor og

Gustav Indrebø teikna av Toralv Bergwitz 1989.

far synte oss stor tiltru. Sume hendinar som syner dette, hev brent seg fast hjå meg. Som t.d. då eg i fyrste gymnasklassa beint ut slutta på skulen av di eg tykte eg var so dum i matematikk. Då var det ingen heime som sa eit ord, korkje til lokking eller truging! Etter tvo dagar med lange, einsame fjellturar var skuleстreiken slutt for godt.

Eller «på fjellet» der det var ein mykje umtykt- og mykje fårleg - leik for oss ungane, å kliva i skortor og hyllor i det svartbratte Vålåsjøberget. Me fekk aldri utidig åtvaring! Men likevel: «Seg til Knut og Inger at dei fer fint åt når dei skal lauga seg.» (Brev 1938).

Og i 1940 vinka far og mor trøystig bror min og meg av stad på sykkeltur til Gudbrandsdalen, endå dei vel visste at tysk «Vernemakt» stengde alle vegane kring Bergen, so me laut «røma» gjenom skogen.

I 12-årsalderen vart eg bedi um å vera med i fråhaldsungdomslaget «Vårliv» på Nesttun. Eg la fram dette heime. Då sa far at dersom fråhaldslovnaden var lovnad for livet, burde eg venta ei tid til dess eg vart meir vaksi. Både bror min og eg vart med seinare. Der var eit ungdomsmiljø so positivt og byggjande at alle foreldre kunde vera takksame og lukkelege for det. Heimane våre hev vore utan alkohol og tobakk, so som barndomsheimen vår var det.

Eg fekk hund, endå far, som nemnt, ikkje tykte godt um hundar. Kann henda tenkte han at det kunde vera bra med ein hund på dei einsame turane mine. Han skyna vél at eg tidt gjekk åleine. Han hadde havt det soleis sjølv.

Eg hadde flettor. Og eg visste vél at far var glad i det lange håret mitt. Men då eg var 19 år, var eg sjølv dugeleg leid flettone. No skulde dei falla. Eg gjekk til far og sa kva eg måtte få pengar til - faste lummepengar hadde me ikkje. Far såg noko på meg, men sa ingen ting. Og so gav han meg pengane, tvo og ei halv krona. Håret vart aldri klypt.

Bror min og eg vart aldri avviste når me vitelystne spurde far um noko. Me fekk svar på flekken, same kva det galdt. Det var uturvande med etterrøkjingar, far var eit levande leksikon. Mest imponera var eg av evna hans til å sjå saker i samanheng og gjeva klåre yversyn. Eit døme på dette fekk me i aprildagane 1940 då krigen kom til landet. Folk flest for heimanfrå på det uvisse, reint vitskræmde. Me var godt som einaste huslyden som var att på Nesttun. Far sette sandsekker framfor kjellarglasi og meinte me var like trygge - eller utrygge - heime som nokon annan stad, soleis som han dømde um stoda. Han dømde rett.

Økonomien heime i samanheng med norsk målreising burde - kann henda - nemnast. Dette er sovore som far aldri let falla ord um. Nokon rekneskap vilde han ikkje føra. Det var so arbeidsamt å få pengane inn at han vilde ikkje ha bry med å få dei ut att, sa han. Eg veit Agnar Skeidsvoll, bladstyrar i Gula Tidend, vél visste kva han skreiv um då han i helsingi til far på 50-årsdagen nemner «at han hev teke sin rikelege part av dei økonomiske tak for norsk reising». (GT 14/11-39). Med berre tvo born og professorløn skulde ein tru det var bra romsamt heime. Visst er det at me aldri leid naud på nokor vis. Men det er òg visst at me borni fekk med oss ei god leksa av det som i farne tider vart nemnt «gudsfrykt med nøisomhet». Alt vart teke vare på, vølt og stelt so lenge det fanst råd. Heile lyden var med i dette. «Du må tilgi», skreiv mor i 1936, «at jeg stundom plager dig og ikke alltid er blid når du gir hva du sikkert synes du må gi, jeg skal stoppe og lappe og bo billig som før. Ja, dette var visst flott! Velkommen hjem.» Elles var det aldri trette eller mistrivnad heime for skuld målgåvone, dei vart ikkje umtala. Berre ein gong nemnde mor dette for meg.

Vener

Far hadde mange gode vener, både vitskapsfolk og målfolk. Han såg dei gjerne i heimen vår. Eg minnest frå tidi på Tåsen at der var mange store «karalag». Og tidt ringde far heim frå kontoret og sa at han tok med ein ven til

Til side 10

Frå side 9

middags same dagen. Mor kunde nok tenkt seg noko lenger umrømingstid når det skulde koma gjester. Men velkomne var dei. Eg var berre smågjenta, og eg kann ikkje segja kven desse gjestene var. Dei sa det var nokon «som eg ikkje kjende». Ogso vestpå kom der gjester, både til middags - helst um sundagane - og til kveldslag. Slektningar, både på mors- og farssida, var tidgjengde, gamle og unge. Eg hev nemnt at dei var sikre sumargjester. Men me såg deim tidt elles i året òg, gjerne som langtidsgjester.

Far untest i venelag. Då la han vekk alle suter, var det likt til, og han skapa ein logn trivnad som var til å kjenna på. Aldri var det sterkare drykk enn landsøl heime (lettøl i dag). Endå far aldri røykte, var det stødt «Sorte Mand», sigarar i huset, var so gjestene vilde ha.

I 1943 skreiv professor Magnus Olsen til mor: «En kjær, god venn har jeg mistet - -».

Målsynet

Når det gjeld målsynet til far, fekk eg som ein støkk då eg no i seinare tid las igjenom papir frå ungdomsåri hans. I eit brev frå 1911 skreiv han: «- - at jeg ikke med min beste vilje kan opdrive nogen begeistring for det (landsmålet). - - Og ikke ser jeg nogen velsignelse i den forbandede sprogkløft vi nu skal ha. Skal det bli nogen skik på sproget, må de to mål renne sammen.»(!)

I studietidi fekk han eit anna syn. I brev til Astrid skriv han i 1915: «- - har jeg læst Deutsche Ortsnamen og D. Personnennamen av. . . Kleinpaul. . . En ting harmet mig i begge Kleinpauls bøker. Der står flere ganger hvad et ord heter på schwedisch og dänisch, men norwegisch nævnes så godt som ikke. Og for gammelnorsk bruker han altnordisch; . . Men jeg får hug stundom til å få være med og gjøre litt til at folk skal få vite at der er noget som er særskilt norwegisch.» Denne hugen fylgde far sidan usvikeleg.

Fyrestundes i målmannstidi si skreiv han «moderne» former som **over, vi, har, gått** osb. Seinare skreiv han **yver, me, hev, gjenge,** og etter kvart og ei **visa,** ei **lukka** osb. Eg spurde honom ein gong kvifor me skulde skriva **um** og **upp.** Svaret var greidt: «Av di det er det norskaste.»

Sume fagfolk i 1980-åri hev skrive um det steingjengne målsynet til Gustav Indrebø. Det var ingi «utvikling» hjå honom, segjest det.

For lækfolk tykkjest det vera ei forunderleg einsretting som rir denne delen av «norsk» filologi, når «utvikling» i nynorsken for **dei** einast tyder å føra honom nærare bokmålet, soleis som det er gjort i meir enn 50 år no. Hjå Gustav Indrebø var det ein berrsynt vokster i norsk leid.

Vanlagnaden for målet i 1938 gjorde far mismodig og sorgsam, og det gjorde honom mykje vondt at sume i målmannsflokken i 1930-åri gav upp målreisingstanken for samnorsktanken. I brev i 1938 skreiv han heim til mor: «Og no tregar eg fulla på alt maset med «målsaki», når eg ser kva det hev kosta av husliv og av framgang for vitskapen, og kor meiningslaust fåfengt det hev vore alt i hop.» Likevel synte han so lenge han levde at han aldri gav upp trui på åndeleg vokster og kulturell framgang for det norske folket gjenom full språkleg frigjering. «Men dette er ikkje noko ein fær for lett eller lite eller som kjem dettande ned frå himmelen reint til gjevings,» hermde han Nikolaus Gjelsvik i eit fyredrag um Gjelsvik i Sunnfjordlaget i 1940.

Norsk Målsoga

Det siste far fekk gjera i reisingsarbeidet, var å skriva den store Norsk Målsoga. Med denne boki i tankane sa han i 1941: «Eg hev den audmjuke von, at dersom eg gjer mitt beste med ei bok eg held på med, og dersom eg fær henne til, so er det òg eit lite arbeid for Noreg.» (Fyredrag i Arna mållag: Hev det norske folket, hev eit lite folk rett å vera til?)

Han arbeidde nær sagt dag og natt med Målsoga. Bolkar i det handskrivne manuskriptet syner at sjukdomen imillom minte honom um at tidi var knapp. Den klåre skrifti vart knudrut og ustød, skrivi med møda. Til den siste bolken, tidi etter Ivar Aasen, fekk han ikkje dagar.

Tvo manns verk

Far var glad i heimen vår. Og når eg skulde fortelja noko um Gustav Indrebø, laut det verta mykje um heimen. På ei studieferd skreiv han heim i 1919 (skrive på dampbåten frå Liknes i Kvinesdal til Flekkefjord): «Eg prisar kona mi i stillom, for ho er so god til å stella det til heime. . . Det er nok gullkorn eg har fått i huset både av stort og smått. Det er mykje å vera takksam for».

Fram gjenom åri fekk han meir og meir grunn til å vera takksam. Arbeidsgiren hans laut verta ei pårøyning for mor. Far skreiv då og i brev til henne i 1938: «Og eg hev tenkt og sagt at eg tvilar på um nokon annan kunde ha halde ut med meg, enn du».

Men mor var uppglødd for hugmåli hans og stod trygt ved sida hans. «Eg tykte det var byrgt å gå i retten i fylgje med deg». (Indrebø-saki i 1934 mot embetsmenn som ikkje fylgde mållovi. Mor var med alle dagane -.)

På ei vis lyt me segja at arbeidet far fekk gjort var tvo «manns» verk. Det vart mor som laut styra heimen, og ho gjorde det med klokskap og kjærleik. «. . det du styrer, veit eg er trygt styrt». «- - eg hev då so usegjeleg mykje å takka deg for. . . Og jamvel når det gjeld «målslitet» hev eg mykje å takka f[illegible] dei tallause artiklane som du hev lese og retta, alt det tarvlaust skarpe, det støytande og dumme som du hev fila burt. Det er då ei viktug medverkande orsak til at eg vert rekna, trur eg, for ein tolleg god artikkelskrivar og dertil - vonleg - for ein finsleg skribent. Og eg tykkjer det er ein hugnad meir at dette er resultatet av arbeidet (umtanken) åt oss båe. . Eg hev so mang ein gong vore glad og takksam for korrigeringi».

Ei stor gåva

Lena Dvergsdal frå Jølster var til hjelp for mor i huset i fleire år fyrst på 1930-talet. Me hev havt samband med henne i alle år sidan. So seint som til nyår no i 1989 skriv ho, utan noko slag spurnad eller uppmoding frå meg, [illegible] ho hev so mange fine minne ifrå barndomsheimen vår. Og vidare: «Det var ei stor gåva far din hadde fått. Når eg tenkjer på mor di og dykk alle, so hadde de fått mykje. Og mor dykkar var eit fint menneske, ho gjorde ikkje forskjel på folk».

Då far var 50 år, kom mange gode vener og kjenningar på innstig heime um fyremiddagen. Skuledirektør Olav Vevle, som sjølv var 77 år sa i helsingstala si at Gustav Indrebø enno var ein mykje ung mann. Det kjendest soleis for oss òg. Far var ung både til lekam og sjæl. Seinare hev eg tenkt at soleis lyt det vera med menneske som hev ei hjartesak dei er trugne mot.

Då far var slokna, bad mor Bjarne Skard at han skulde tala ut ifrå ei lina i den 32. Salmen ved båra hans: Sælt er det mennesket som Herren ikkje tilrekn[illegible] skuld, og som er utan svik i si ånd.

Kva hev Gustav Indrebø å segja oss i dag?

Av Hans Olav Brendberg
Leiar i Norsk Målungdom

Vestmannen spurde kva Gustav Indrebø hev å segja for målungdomen i dag, og Hans Olav Brendberg hev svara på denne måten:

Eg minnest fyrste møtet mitt med namnet Gustav Indrebø - nokre artiklar eg fekk i posten medan eg budde heime i Mo i Rana: «Kvi er me målmenn?» og «Idè-grunnlaget for målreisingi», so vidt eg hugsar. Den tidi skreiv eg (ny)norsk avdi eg sa «eg» og «ikkje», og meinte det var grunnfeste godt nok. Indrebø kravde meir - han kravde ein endefram tanke som skulle bera målreisingi. Og meir enn det: Han greidde gjeva denne eine tanken kjøt og blod.

Det er fleire enn Indrebø som hev skrive sætande artiklar um grunnlaget for reisingi av eit norsk skriftmål. Men i det berget av bøker og artiklar som er skrivne um målreisingi leitar ein ofte fåfengt etter klår tanke og klår vilje. Nett det er det vel som gjer Indrebø dagsaktuell - i alt han skriv skimtar eg den faste grunnen for arbeidet hans, um det so er agitasjonsartiklar eller vitskaplege arbeid.

Den språkfreden som hev rådd her i landet heilt sidan Vogt-nemndi hev ført med seg av-ideologisering av målstriden, slik at me i dag hev skoddute skilje millom skriftmåli. So lenge folk ikkje fær vita noko um grunnlaget for det norske skriftmålet vert målstriden uskynleg for mange - og til vanleg fær norsken skuldi for vanskane som fylgjer med tospråksstoda.

Um me ynskjer å gjera noko med dette, lyt me få fram motsetnadene og kveikja striden. Då vert det vandt å koma utanom Indrebø.

Minnemøte for Gustav Indrebø

Tvo høgtider i Bergen

I Bergen vert det 2 minnemøte for professor dr. Gustav Indrebø. Vestmannalaget, der Indrebø var formann til han so altfor tidleg gjekk burt, hev møte på Bryggens Museum torsdag 16. november, dagen fyre sjølve 100-årsdagen.

Der skal dei tvo Bergensforlagi Norsk Bokreidingslag L/L og Eides Forlag A/S leggja fram dei nye målbøkene sine. Millom dei er òg Indrebøboki frå Bokreidingslaget. «Den rette vegen». Og so vert det eit Indrebø-fyredrag.

Laurdag 18. november, dagen etter 100-årsdagen, held Vestlandske Mållag og Ivar Aasen-Sambandet årsmøti sine. Det er i festsalen i Gimle i Bergen. Det byrjar kl. 11.00 fyremiddag, og minnet um Gustav Indrebø og hans livsverk stend i sentrum, dei vanlege årsmøtesakene kjem i tillegg. Dr. philos. Jarle Bondevik er hovudtalar. Alle er velkomne.

I-målskurs

I Sogndal vart det skipa til helgakurs i i-mål 4. og 5. november. Det var målungdomen som gjorde upptaket til kurset, og for upplæringi stod Ola Breivega, Sigurd Sandvik og Bård Eskeland.

Etter det me høyrer hjå Norsk Målungdom er det òg målkurs i hovudstaden i haust.

Din lokale storbank

FOKUS Bank

Rik bokhaust frå Norsk Bokreidingslag

Gunnar Gilberg: **Sjå attum**
Ei stringent, konsis og tankemanande diktsamling som klårt syner at den klassiske nynorsken er eit framifrå medium for modernistisk lyrikk.
Hefta kr. 80,-

Jostein Krokvik: **Det gåtefulle tårnhuset**
Ei frisk og velforma forteljing for unge lesarar med sans for måneskin, mystikk og tankjeeggjande spaning.
I band kr. 108,-

Johannes Krysostomos (Jon Gullmunn): **Den guddomlege liturgien**
Eit klassisk liturgisk skrift frå den austerlandske kyrkja, umsett til norsk av Ola Breivega.
Hefta kr. 100,-

Bjarne Bratteteig: **Aanebjør**
Minne frå livet på ein sørlandsk heidegard i åri like etter siste heimskrig. Illustrert av Lars Slettebø.
Hefta kr. 115,-

Einar Ullestad: **Folk til fjells**
Ei forteljing um to fjellgardar i Vossaveldet kring 1860 - um uppvekst og harde livsvilkår, men òg um gledor og rike dagar i fjellheimen. Illustrert av Ivar Kvåle.
I band kr. 115,-

Gustav Indrebø: **På norsk grunn**
Minneskrift med eit par utvalde artiklar og ein komplett bibliografi yver alle kjende Indrebø-arbeid, frå bøker og tidsskriftartiklar til avis- og bladstykke.
Hefta kr. 125,-

Ragnvald Vaage: **På botnen**
Forvitneleg og krass roman frå Bergensmiljø fyrst på 1900-talet. Jubileumsutgåva med etterord av Lars Amund Vaage og umslag av Magne Kjellesvik.
I band kr. 185,-

TILBOD I INDREBØ-ÅRET
Gustav Indrebø: **Norsk Målsoga**
I samband med 100-års minnet for professor Gustav Indrebø no i haust vil Norsk Bokreidingslag gjeva eit avslag på kr. 100,- til studentar og skuleelevar som ynskjer å kjøpa dette standardverket um den norske målsoga.
Med avslag vert prisen:
I band (berre få ekspl.) kr. 250,-
Hefta kr. 150,-

Skriv til:
NORSK BOKREIDINGSLAG
Postboks 2672
5026 Bergen-Møhlenpris

God og rimeleg mat
får du på
Kaffistova til Ervingen
Torgegaarden, Strandkaien 2, 5000 Bergen

BUNADSØLV — POKALER — PREMIER
Vi har gaver for alle anledninger
magnus aase A/s
gullsmed
Strandkaien 6 — Telefon *32 01 60

ISSN 0800-8647

Målblaffet kring 1938

Propagandaen i 30-åri varsla at 1938-målbrigdet skulde føra nynorsken eit nytt storsteg fram. Det samnorske målparadiset stod for døri, og ættleden den gongen var lova fruktene i tusundårsriket. Gustav Indrebø svara på dette ropet at det var rimeleg å venta seg eit **blaff.**

No hev det lite fyre seg å rippa upp i gamle hogg og mothogg. Me hadde ikkje gjort det her, um det ikkje var fordi ei bok so seint som midt i 80-åri fortel at nynorsken gjekk fram mykje meir enn det **blaffet** Indrebø tenkte seg. No vil me ikkje dryfta kva Indrebø tenkte - lenger enn Indrebø sjølv openberra tankane. Me veit ikkje av at Indrebø nett talfesta blaffet. Men med 50 års etterpåklokskap i ryggen trengst det ein merkeleg mage for å pukka på spådomane til plent Indrebø. Andre spådomar ligg nærare til.

Samnorskapologetane hauka på fyrehand um 2000 nye nynorskkrinsar. I ettertidi hev dei freista halda uppe hildringi um at talet vart kring 1000 nye krinsar.

Røynleg tal på nye nynorskkrinsar i heile tidbolken 1935-1945 er **821 krinsar**, høgt rekna. Slett ikkje alle skifte skriftmål for samrøringi skuld, dei aller fleste snarare tvert um. Folk trudde framleis på eit norsk framtidsskriftmål, ei tru som målblandingspolitikken snøgt greidde å tyna. Heller ikkje tyder nokon ting på at yvergangen til nynorsk i krigstidi var ei fylgd av 1938-rettskrivingi. Atter snarare tvert um. 1938-rettskrivingi var knapt synleg på prent i krigstidi.

Alt i 1945 tok det til å rause nedetter i skulen, og 20 år etterpå var skulemålsprosenten lågare enn ved utgangspunktet i 1935. I dag er prosenten lågare enn i 1930 (16,9% mot 19,9%).

So må dei som vil, gjerne få kyta av at blaffet var stort. Men kvifor nokon vil gjera blaffet større enn det var, er gåtefullt. Di større høgd, di større fall. Og ingen må tru at ein sprokken ballong kann blåsast upp att um smellet var aldri so stor!

Jarl

Ragnvald Vaage:

På botnen

Den sterke romanen «På botnen», som kom ut i praktutgåve no til 100-års jubileet for Ragnvald Vaage, fær sterke lovord.

«På botnen» er en svart, besk roman som flyter av sted i en lett, eggende prosa. Den handler om bondegutter i «fiendeland», og dirrer også i dag av kunstnerisk stramhet. En viktig utgivelse.

Karsten Alnæs
(i Dagbladet)

Norsk Bokreidingslag
Boks 2672
5026 Bergen-Møhlenpris

Garm d.y.:

Å spretta av skaftet

Ein bladmann som Ludv. Jerdal hev god trening i å setja ord i avisor. Ei tid skreiv han sumt under merket Sir Luje, gjerne logne og lure stubbar, skjemtefulle, men ikkje sjeldan tvibotna og med piggar. Stubbane kom ikkje berre på prent, men sume vart til kåseri i radio, til gleda for mange lydarar. I **For Bygd og By**, tidsskriftet som Heming R. Skre tok til å gjeva ut, vart piggane so kvasse at landsherrane i krigstidi la ned forbod mot dei.

Dette kom me i hug då me las kva Jerdal skreiv i «Noregs Mållag hev det morosamt» i Vestmannen nr. 7, eit vidprenta stykke innteke i Gula og på kronikkplass i Bergens Tidende. Rett nok eit stykke med piggar, men til å humra av. Tenkte me.

Då gjorde me upp rekning utan vert, eller rettare sagt utan Håkon Drage. Endå han korkje var utpeika eller påtenkt i skriftstubben, spratt han av skaftet og rende beinvegen til Gula der han fullskvulpa mykje godt ei heilsida med sjikanering, skjellsord og onnor ulæta yver Jerdal, Vestmannen, vestmennene og alt deira vesen, målungdomen medrekna. Medan det vanlege ankemålet mot alle slike plageånder tidlegare hev vore at dei er for gamle, er ankemålet no at dei er for unge!

Dei store målheltane til øksesvingaren tykkjest vera Andreas Hompland i Dagbladet og Kjell Kristian Rike i fjernsynet. Um Hompland vil me ingenting segja; han hev ikkje gjort oss noko, og interesserte kann sjølv lesa epistlane hans og gjere seg upp ei meining um framtidi for det norske målet um hans skriftformer vert modell. Men um Kjell Kristian Rike skal me segja litt. Då han tok til i sportsendingane, bruka han ustandardisera kvardagsmål - dialekt kalla, og **svært** ustandardisera. Han hev enda upp i standardisera bokmål, ikkje av den norskaste varianten heller. So han må vera ein god vegvisar for målrørsla! Den tridje målhelten er Per Øyvind Heradstveit; det var han som klaga seg ille då Finn-Erik Vinje - med rette til eit umbyte - fann det rimeleg at bokmålet til Heradstveit vart listeført under bokmål i NRK-statistikken. Heradstveit vilde ha sitt bokmål under nynorsk!

Vår djerve øksesvingar som gjer seg til riddar av «eit høgare sakleg nivå», hev teke seg serleg nær av at Jerdal kom til ordes på kronikkplass i eit storblad. Slikt ma svida, ikkje minst for den som manar til større saklegskap med ord som **yngel, ungkalvar, vombromling** og - ja, jamvel **raserein** er inndrege til eit slags målargument.

Me ynskjer ikkje taka produktet på ålvor; og det **let** seg knapt taka på ålvor, for grunngjevingane sprikjer meir enn staurane til Borten. Høyr berre på denne vesle eventyrforteljingi frå norsk målsoga: «Målrørsla (Noregs Mållag) har heile tida hatt som rettesnor å møta all usakleg kritikk, anten han kjem frå Rigsmålsforbundet eller frå «vestmennene» med sakleg argumentasjon. Dette tufta på den etiske haldninga at alle har rett til å forfekta eit standpunkt.»

Det kann vel stundom vera so ymist med den «saklege argumentasjonen» både her og der. Og ymist kann det vera med umdømingi. Men me held det for sjølvsagt at riddaren vår reknar sitt eige produkt til «sakleg informasjon»?

Me skynar godt Gula som greip til med både hand og fot etter Drage-produktet for å få litt liv på bladsidone. Der var noko daudt etter agurktidi. Og jammen vart det liv. Der kom velskrivne innlegg både frå formannen i Hordaland Mållag, Leiv Vetås, frå leidaren i Norsk Målungdom, Hans Olav Brendberg, og frå Ludv. Jerdal. Og innleggi var saklege attpåtil! Men i den øksesvingande talsmannen for sakleg argumentasjon knatt det ikkje meir.

Nei, me ynskjer ikkje taka dette på ålvor. Fals slær sin eigen herre på hals, segjer eit gamalt ord. Men det må mana til ettertanke at nett i våre dagar då presset mot oss aukar og det norske skriftmålet er i uppløysing og driv attende mot stupet - nett i ei slik stoda sprett nokon av skaftet og kallar målrørsla til strid mot - vestmennene! Det vitnar um eit utruleg klårsyn.